

Vik Grunneierlag/Elveigarlag,
Grunneigarane på Brudevoll,
Syvde bygdeutvikling,
Gruneigarane på Landsverk,
Nordal og Tverberg grunneigarleg,
574 Syvdefjordvegen
6140 Syvde

14.10.2022

Nve- Norges Vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Marthe Cecilie Pramli: mcpr@nve.no
Randi Holme: rho@nve.no

MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Statsforvalteren i Møre og romsdal
Julsundveien 9,6404 MOLDE

Innspel på tiltak og vårt syn på revisjonsdokumentet til Tussa AS i forhold til 093.3 Z Nordalselva/Vikelva og Nordalsvatna i 6140 Syvde.

Tussa viser til I NVE-rapport 49/2013 - om vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022, har 094.1Z Åmelavassdraget fått kategori 2.1 – Ikkje prioritert. Likevel vedtok NVE den 25. mai 2021 at det skal gjennomførast revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget og at Tussa skulle lage eit revisjonsdokument.

Vi er sjølvsagt glad for Vanylven kommune støtta oss i å opne revisjon , og at NVE følgde opp kravet. Vi vil likevel minne på at vurderinga til NVE baserer seg på 094.1Z Åmela i Steinsvika, og lager eit nytt namn 094.1Z Åmelavassdraget, Verken Nordalselva i Syvde eller Åheimselva er med i vurderinga til NVE -rapport 49/2013. Dette må etter vårt syn rettast opp for framtida sjølv om NVE svarer at det ikkje har nokon konsekvens når det er opna revisjon. Vi går derfor ut frå at NVE ikkje tar hensyn til NVE -rapport 49/2013 har fått kategori 2.1 – Ikkje prioritert.

Vi er ueinig i at Tussa har skaffet fram all informasjon i revisjons dokumentet angående Nordalselva som er relevant for å vurdere behovet for å berge fisken. Tussa skriv heller ikkje noko om å løyse miljøkrav og gjengroing problemet i elva og tjerna på Nordalsfjellet., og om å innføre minstevassføring/periodevassføring. Det er derfor uråd å godta dette mini mini opplegget frå Tussa. Forslaget vil vere så marginalt at ingen trur på denne løysninga i forhold til problemet elva og tjerna har til verken fisk, ål eller gjengroing. Det vil også vere uråd å få til dugnad etc. som trengst i forhold til tiltak vi meiner må til. Det at ein skal følgje med i 6 år for å sjå om tiltaket hjelper er ikkje noko løysing som er i tråd med Naturmangfoldlova og EUs vanndirektiv. Bakgrunn av erfaringane av pålegg Tussa og myndigheitene ikkje har følgd opp i forhold skjønnet i 1976 vil då gjenta seg. Vi kan med sikkerheit sei etter gjennomgangen av dokumentasjon at både myndigheitene og regulanten Tussa har svikta sine krav som var pålagt i konsesjonen. Om ikkje tiltaket virker (som vi trur skjer) skriv Statsforvalteren at ein skal ta det opp til ny vurdering etter seks år. Med den erfaringa vi har med byråkratiet og Tussa i denne saka, kan det då gå fleire 10 år før ein i heile tatt gjer noko. Det vil verken allmenne interesser,villaksen,sjøaure eller freda ål vere tent med. Vi meiner derfor forslaget frå Tussa ikkje er i tråd med Naturmangfoldlova §§ 8 og 9, og EUs vanddirektiv. Vi meiner også det er stor fare for laksen går ut igjen i sjøen før den gyt med dei hinder som er i osen og lite vatn, då laksen står som regel ei stund i elva før den gyter. Om NVE går

inn for Tussa sitt forslag vil også fjellvatna på Nordalsfjellet og Nordalselva gro igjen slik som no, og verte ubrukeleg både for fisk og allmenne interesser i framtida. Vi ser også at det ikkje er gunstig i forhold til faglige rapporter med så konsentrert gytehabitat, då yngel går ikkje lenger enn 200 m frå gyteplassen. I tillegg vil gjengroinga forsette som gjer at gytehabitater vert dårlige, og at oksygen vert dårlig om vinteren i elva. Fisken kan også forsette å verte ståande i osen utan å kome seg fram å gyte på grunn av det ikkje er dypt nok i elva, og for lite vatn til lokkestraum. Vi trur alle ser at det ikkje er noko stor hjelp for å få laksebestanden opp i vassdraget med så mykje hinder.

Innholdsliste:

Forord.

Side 2. 1. Uoppfylte Konesjonsvilkår

Side 3. 2. Begroing, Vassdragets resipient muligheter

Side 6. 4. Minstevassføring/ periodevassføring

Side 10.5. Yngel og Reproduksjon

Side 15.6. Myndighetene og forvaltningens egne planer

Side 19.7. Norddalsfjellet

Side 21.8. Rødlistet Ål

Side 22.9. Lakselus og Oter

Side 22.10. Oppsummering

1. Uoppfylte konsesjonsvilkår:

Det er tydlig at myndighetene og Tussa tidligare har eit ansvar for at tiltak har uteblitt i forhold til pålegga i konsesjonen:

Tussa er også underlagt internkontrollforskrift for vassdragsanlegg (Ik-vassdrag) (2011) Forskrifta sin §1 fastset krav om et «kontinuerlig forbedringsarbeid». Før denne lova tredde i kraft gjaldt forureiningslova frå 1981.

(Vassressurslova 2001) Viser til veileder nr 1/2002 NVE ; «2.1.8 Natur- og miljøtilsyn I tillegg til de generelle aktsomhetsreglene i vannressursloven § 5 kan vassdragsanlegg også være underlagt tilsyn som gjelder natur, landskap og miljø med særskilt hjemmel i vilkår i konsesjon, eller med hjemmel i vannressursloven § 53. **NVE har ansvar for tilsynet.** Omfanget av tilsynet og saksbehandlingen vil variere avhengig av tiltakets art og størrelse.» jf. Meld. St. 39 (1998–99) om kapittel 11 i vannressursloven.

Vi kan heller ikkje vere einig i at Tussa Energi AS (Tussa) har gjennomført ei omfattande informasjon av dei faktiske verknadane reguleringane har på miljø og ålmenne interesser. Blant anna har Tussa holdt Sweco unna å vurdere om det er positive fordeler av å få minstevassføring i Nordalselva. Etter å kontakta Sweco har vi opplysning om at rapporten er utarbeidd i forhold til at minstevassføring ikkje skal takast med eller vurderast.

Viser til Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer 6.1 Generelt .

EUs rammedirektiv for vann (2000/60/EF) er gjennomført i norsk rett gjennom forskrift om rammer for vannforvaltning av 15.12.2006 (vannforskriften). Hovedformålet med forskriften er å beskytte, og om nødvendig forbedre, tilstanden i ferskvann, grunnvann og kystnære områder. Forskriften er hjemlet i plan- og bygningsloven, forurensningsloven og vannressursloven.

Vanylven kommune har støtta våre tiltak, og Vanylven kommune har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres ansvarsområde, jf. plan- og bygningsloven § 8-3. jf. Vannforskriften § 22.

Vi vurderer hensynet til miljømålet ihht. dagens pålagde lover, forskrifter og samfunnsnytte ikkje overskrider kostnaden til dei avbøtende tiltaka. Derfor sett i forhold til nytten av tiltaka kjem ikkje vannforskriften § 10 til anvendelse. Nordalselva var ei god lakseelv og der var også godt med rødlista ål i vassdraget før Tussa regulerte vassdraget.

Kraftverk i Bruelva fremst i Nordalselva som det meste av minstevassføring har mulighet å utnytte, synes vi Tussa prøver å nedskalere. Vi vil tru at ein kan nytte meir av slept vatn i Bruelva kraftverk enn det Tussa har lagt opp i sin kostnad. Vi meiner derfor at dei samfunnsmessige fordelane i område med minstevassføring/periodevassføring med å få Nordalselva til å utvikle seg som ei god lakseelv av trua villlaks og rødlista ål elv igjen. Det vil også hjelpe i mot gjengroing med å få gjennomstrøyming av vatna på Nordalsfjellet, og elva som er i ferd å gro igjen. Det finnes også andre muligheter å få produsere vannkraft i område med små miljøkostnader for å få inn strømtapet.

Pålegg som ikkje er utført av Tussa.

(Vedlegg 18)Fylkesmannen i M&R Rapport Nr.3- 1993 ISBN 82-7430-054-8 ISSN 0801-9363.

Som vi har vist til tidligare er vi imot forslaget frå Tussa, då det ikkje er ihht. lover, forskrifter, retningslinjer, og miljøproblem. Vi meiner at opplegget til Tussa ikkje tilfredsstillar kravet til at laks og ål vil ta seg opp igjen i elva, og miljøproblemene. Men også i forhold til historiene angående oppfølging både av byråkratiet og Tussa. Viser til tabell 11 side 18 .Oversikt over pålegg og hjemler for å pålegge biotopfremmende tiltak i vassdraget som er berørt av reguleringen. Tussa fekk pålegg om å bygge tersklar i 1993, men utførte ikkje pålegget. Det er heller ikkje gjennomført pålagde oppgåver frå NVE i 2020 i vatna på Nordalsfjellet.

Det ser ut for at fylkesmannen i Møre og Romsdal allerede i 1993 har utelatt fiskeundersøkelser i Nordalselva. *Det med begrunnelse at Nordalselva ligger ikkje innenfor nedbørsfeltet i vassdraget, men er berørt av reguleringen med redusert nedbørsfelt ved overføring.*

2.Begroing, Vassdragets resipient muligheter

Viser til side 36 i Sweco i Revisjonsdokument for Åmela kraftverk ; «For Norddalselva har Åmelakonsesjonen medført at tilsiget til vandringshinderet (Sarpen) og elvas utløp er blitt redusert til hhv. 27 % og 22 %. Ettersom det ikke slippes minstevannføring, har dette medført betydelig påvirkning i øverste del av vassdraget. Redusert vannhastighet kan ha bidratt til økt begroing i vannene her, uten at dette er utredet nærmere. Også i Norddalselva har fraføring av vann fra høytliggende områder med sen snøsmelting medført at vannføring er blitt særlig redusert utover sommeren...»

Bortfallet av vatn som har skapt gjengroing, med undragelse av pålagt tiltak.

Middelsverdier er på 27% Sarpen og 22 % ved sjøen, men det skal ikkje mange dagane med opphaldsvêr før Nordalselva faller , og prosent nedgang frå snittet vert betydlig større.

Vannføringen i ein elv varierer over året, og dermed vil også persentilene variere mykje frå dag til dag.



Nordselva/Vikelva rett ned for stasjon 3. Gjengroing er betydelig lenger nede i elva også.

Bilde tatt frå brua til Espeholen og nedover i vassdraget. Her var det oppservert gyteområde i rapporten til skjønnnet i 1976, som har blitt øydelagt. Bilde teke den 3. sep. 2022.

Det gjeld også dei andre bilda i dokumentet utanom vatna på Nordalsfjellet som var teke den 02.10.22.

Dette var også påpeikt som ein fare for gjengroing i skjønnenet 1976 når så mykje vatn forsvinn, og serleg snøsmelting frå fjellet i Sandfjellsdalen. Dette utløyser høgre temperatur om sommaren og kaldare om vinteren. Dette kjem også tydlig fram av målestasjonen på Brudevoll , når Nordalselva mista vatnet frå Sandfjellet i 1979 vart det så lite vatn på målestasjonen at den blei nedlagt. Tapet av Sandfjellet merkast mest ut over sommaren, då det er mykje snøsmelting i denne perioden. Det vart også påpeikt i skjønnenet i 1976 med at ein etter 5 år skulle vurdere å legge kloakkrør frå Landsverk og heim til sjøen. Vatn prøvene som var tatt før reguleringen som kjem fram av fagrapporten var gode sjølv om stor næringstilgangen (presssaft frå silo etc.) var stor , men rapporten såg faren for at det blei for stor næringstillgang i forhold til vassmengder etter kraft reguleringa. Vi kan ikkje sjå noko sted at busetnad og jordbruk skulle leggest ned på grunn reguleringa. Derimot meiner vi Tussa var klar over pålegget om å legge kloakk om prøvene var dårlige.

Noko som var godt dokumentert gjennom Niva rapporten til "Tussa Biologiske undersøkelser i Nordalselva" allerede i 1982. Oppsummering (vedlegg 13) ;«Reguleringen i Nordalselva har svekket elven som resipient og har trolig bidratt til øket tilgroing av høyre vannplanter. Burde ikkje Tussa og ansvarlige myndighetene reagert med påbod om kloakkrør i hendhold konsesjonsvedtaket, når Nordalselva/Vikelva fungerte som resipient med vassføringa før regulering ?

Det kjem også fram av "**385 Sordalselva 01 Sordalen 386 Nordalselva 01 Tennelv 387 Videildelva 01 Videild**" 1982 side 76. 4.6.1 (vedlegg 7) , som også Sweco i sin rapport til Tussa har vist til side 127 «1.1 Tidligere biologiske undersøkelser i norddalselva; «Det har tidligare vore rapportert at Nordalselva har vore ein del plage med tilgroing. Det er ikkje gjennomført noko resipientgransking i vassdraget.»

Videre i same rapport side 81 ; «**Ferskvannsfisk og fiske.**»
«Vassdraget er et lite laksevassdrag, med en laks- og sjøaureførende strekning på vel 2 km. Forekomst av laks og sjøaure har imidlertid gått katastrofalt tilbake de siste år. Nordalselva har *bestand av innlandsaure av til dels meget god kvalitet.* Fjellvatn med aure inngår i vassdraget.»
Noko som blandt bekrefta i dei som bur i Nordalen at innlandsauren som var der var nesten totalt borte etter reguleringa.

(Vedlegg 13.)**Biologiske undersøkelser i Stårheimselva og Nordalselva 1982.** Det ble gjennomført noko resipientgransking i vassdraget i dokument dato 10.10. 1983. Niva slo fast i dokumentet til Tussa at reguleringa i Nordalselva har svekket elven som resipient og har trolig bidratt til økt tilgroing av høyre vannplanter. Problem med groing har forsett til denne tid , med dei følger det har for fisk og gytehabliteter i elva. Niva er offentlig organisasjon, og vi synes derfor det er noko forunderleg at miljødirektoratet skriv i eit svar at dei ikkje viste. Derfor har tiltakskrava i skjønnenet i 1976 ikkje blitt utført. Dette var over 5 år som var kravet til å legge kloakk om elva ikkje var resipient, som Sweco i rapporten til Tussa meiner burde vurderast også no.

Gjengroing.

Side 24 «3.1.2 Problemvekst av vannplanter Påvirkning.


Gjengroing av kan være et problem i *regulerte vassdrag* og finnes ofte i strekninger med redusert vannføringsdynamikk (mindre og færre flommer), oppstuede områder (lavere vannhastighet og økt andel finsediment), samt etter endringer i sedimenttransport/-dynamikk. Vasspest, smal vasspest og flotgras kan også danne problemvekst. Vasspest og smal vasspest danner *problemvekst først og fremst i næringsrike innsjøer, dammer, tjern og stilleflytende elver i lavlandet under skoggrensa* (Mjelde et al 2012). Flotgras får opp til 1 meter lange skudd og er forholdsvis vanlig over hele landet i alle vanntyper, og vanligst i næringsfattig, surt eller nøytralt vann. Planten

kan danne flytende matter som dekker store areal, og er spesielt et problem i terskelbasseng. Andre eksempler på vannlevende arter som skaper problemvekst inkluderer tusenblad, klovasshår, elvemose og torvmose .»



3.Minstevassføring:

Opprette minstevassføring/perodevassføring.


Vi synes det må vurderast om det er mulig å hente ut minstevassføring , periodevassføring i elva som kjem gjennom tunnelen frå Sandfjellselva. Dette vil vere med på å minske kostnadene med å hente ut vatnet i forhold til å gå gjennom demninga og inn i vatnet. Det vil også mest sannsynleg verte betre i forhold til temperaturen , både i forhold til gjengroing og fisken.




Bildene er tatt oppstrøms punkt 4



Dette viser gjengroing i elva . Det kjem fram av gjengroing i vatna på Nordalsfjellet at gjengroing skylder også at temperaturen og dårlig vasstrøm i elv og vatn er noko som er årsakene. Det både i forhold til bortfall av fisk og gjengroing. Det kjem fram av Niva rapporten 25.08.93 at det er store mengder med blågrønne alger og andre alger som veks med temperatur over > 15 C. Det vert derfor at med stor næringtilgang og lite gjennomstrøyming ein akselererande vekst og gjengroing. Noko som gjer at oksygen innhald i vinterhalvåret vert lavt. Det gjer at yngel og fisk har vanskelegheiter.



Område til mini opplegget til Tussa.



Frå nederste bru og fram over.



Området ned mot utgangen til sjøen(osen)



Ved osen mot brua.

Det er eit stort problem at Nordalselva går så raskt ned ved slutt på nedbør. Bilda under er tatt ved 7 dagar uten nedbør. Ser i fag dokumentasjon at det er svært ugunstig i forhold til at fisk og ål skal klare seg. Minstevassføring/periodevassføring er derfor avgjerande for å få elva til å fungere. Det kjem i tillegg til at temperatur og gjengroing dette fører med seg.


Vi ser laksen hopper og ikkje kjem seg fram i elva.

Inntak av minstevassføring/periodevassføring.

Vi synes det må vurderast om det er mulig å hente ut minstevassføring , periodevassføring i elva som kjem gjennom tunnelen frå Sandfjellselva. Dette vil vere med på å minske kostnadene med å hente ut vatnet i forhold til å gå gjennom demninga og inn i vatnet. Det vil også mest sannsynleg verte betre i forhold til temperaturen , både i forhold til gjengroing og fisken.



Viser til Tussa revisjonsdokument (Vedlegg 4)– Valg av representativ målestasjon. Vi meiner målingane angående Nordalselva er feil framsett av Tussa. Årsakene er at dei viser til 93.2 Brudevoll 1974 – 1977. Årsaken er at Sandfjellet ble frarøvet i 1979. Det kjem tydlig fram av stasjonen til 93.2 Brudevoll vart så lite vatn etter frarøving av Sandfjellet at målingane og stasjonen vart nedlagt 1984:




4. Yngel og reproduksjon:

(Vedlegg 10)

Fig. 7

Oversikt over årlig fangst av laks og sjøaure fra 1970 til 1989. Tallene er tatt ut av Norges offisielle statistikk for lakse- og sjøaurefiske. Det viser tydelig når Sandfjellet ble regulert der det var mykje snøsmelting ut over sommaren vart det brått slutt på fisk i elva. Sandfjellet ligg i le for sola, slik at der er mykje snø ut over sommaren. Det hadde påverking på kaldare vanntemperatur og meir vatn og vasstraum. Det gjor at oksygen i vatnet var betre om vinteren når yngel og lakseegg skulle utvikle seg. I denne rapporten viser det også at elva virket sleip.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal 1- Rapport nr. 9- 1990.



Sweco rapporten.

«Laks: Tetthet av årsyngel av laks i Norddalselva er beregnet til 10,2 individer per 100 m², og tetthet av ungfisk er beregnet til 1,6 individer per 100 m² (figur 8). Tettheten av årsyngel og ungfisk av laks vurderes på bakgrunn av dette som svært lav i Norddalselva. 3.1 Gytehabitater ble kartlagt under befaringen av elvengytehabitat i elva kategoriseres som lavt, da arealet utgjør under 1% av totalt vanndekt areal i elva.»

Dette vart det advart mot i skjønnnet i 1976, og Tussa vart pålagt å sette ut yngel i elva. Tussa skulle i tillegg bygge tersklar for å løyse problemet med at fisken skal kome seg fram. Vi kan ikkje sjå at verken ansvarlige myndigheiter eller Tussa har følgd opp dette.

Side 41 «De ulike byggeklossene kan for eksempel være *nivå for vintervannføring for å sikre eggoverlevelse og vinterhabitat for ungfisk, smoltutvandring om våren, ungfiskvekst om sommeren, lokkeflommer for fiske/oppvandring av gytefisk og gyting, osv. Miljødesignhåndboken* tar også for seg hvordan en gjennom utvidelser og vannforhandlinger kan utnytte muligheter i kraftproduksjonssystemet for å finne løsninger som gir bedre miljøbetingelser, og som i noen tilfeller også gir mer lønnsom kraftproduksjon i regulerte vassdrag. Boken gjelder laksevassdrag, men metoden kan utvides og tilpasses til andre vassdrag og artssamfunn. »

Laksetrapper i Sarpen.

Vi ser også at elve gytehabitater har forandra seg betydeleg på dei 50 åra. Kloppahølen ved brua til Espeholen var ein fin gyteplass før som var registrert i 1975 rapporten. Denne hølen har blitt øydelagt av erosjon og gjengroing som elva har blitt utsett meir for etter reguleringa. Vi har også registrert stor gjengroing der, sjølv om Sweco ikkje har registrert det. Vi har fått signal om at Miljødirektoratet vil vurdere pålegg om laksetrapper frå Sarpen, noko som var vurdert i forhold til gyteområder også tidligare. Det er sjølvsagt mykje betre elvegytehabitat lenger framme i Norddalselva, og hadde vore til stor hjelp med å få naturleg reproduksjon av laks i vassdraget. Vi ser også at det kan søkast og gi tilskot gjennom Miljødirektoratet på prosjekt til laksetrøpper. Brudevoll eig på eine sida i dette området og Koppen eig 87/2,1,5 og 4 på andre siden frå Sarpen og framover.

Område har ein høl som har blitt mykje brukt til rekreasjon.

*Dag Arild Myrvoll Gnr:87 Bnr:4 som er eigar i dette område på Koppen si side, har gitt beskjed om at han er i mot laksetrapper. Grunnlaget for det er at han er plaga av folk som parkerer i tunet og eigendomen hans, og går rundt husa for å finne veg ned til hølen. Eigarane på andre sida Brudevoll er positive, og har gitt beskjed at dei vil gjerne at det vert bygd på Brudevoll si side. **Vanylven kommune** jf. vannforskrifta § 22 burde sjå om det er råd å få til ei positiv ordning angående parkeringsproblemet, og avtaler med eigar om bruk av hølen (Oksehølen) ?*

Område som er mest utsatt utanom gjengroing er frå sjøen til punkt 4.

Viser til Sweco rapport punkt 4 **Vurdering og påvirkningen:**

«Det er mulig at vannhastigheten for partiet nedstrøms stasjon 3 er for jevn, da man ofte finner ungfisk og årsyngel i overgangspartier mellom kulper, stryk og grunnområder, der en finner variasjon i vannhastigheter og elvas utforming.»


«Stasjon 4 har høyest tetthet for årsyngel av laks og ørret, men fremdeles lav (jf. tabell 5). Dette partiet er mer variert sammenlignet med områder nedstrøms, da elveklassene veksler i noe større grad, noe som kan være en årsak til høyere tetthet på denne stasjonen. Potensielle gyteområder viser at det ble funnet flere potensielle gyteområder i oppstrøms stasjon 4, som er et resultat av blant annet større variasjon i elveklasser. Basert på substratfordelingen og skjulmålinger i Norddalselva er det rimelig å anta at store deler elva har godt med skjul, og dermed oppvekstområder. Den sterkeste flaskehalsen for anadrom fisk i Norddalselva knyttes til få gyteområder fra stasjon 3 og til utløpet.»

Det kjem derfor tydlig fram av Sweco rapporten at Nordalselva/Vikelva er mest øydelagt og har for lite vannføring og dårlig habilitet frå stasjon 4 og ned til sjøen. Det burde derfor rydde opp , og lage til elva og hølane med gytegrus etc. fram til stasjon 4 for å få elva i stand iht. faglige råd, naturmangfoldloven og EUs vanndirektiv.

Vi meiner at Tussa ikkje har skaffet fram all informasjon i revisjonsdokumentet som er relevant for å vurdere behovet for eventuelle skjerpa miljøkrav for reguleringa i Nordalselva. Vi vil derfor ikkje godta dette mini mini opplegget frå Tussa, som Sweco har brodert i oppdrag frå Tussa. Etter vår erfaring i forhold til kontakt med Sweco har Sweco fått eit mandat, der blant anna minstevassføring ikkje skulle vurderast. Vi synes også at tiltaket ikkje er i tråd med det Sweco viser til i tilstanden i Nordalselva, noko som vi synes er merkeleg. Det vil derfor vere så marginalt at ingen trur på denne løysninga, og dugnad etc. vil vere uråd å få til. Vi synes også det at ein skal følgje godt med i 6 år for å få erfaring ikkje eit argument for eit marginalt tiltak som ikkje er etter tilråding myndigheitene legg ut i sine fagskriv, og rapporter. Det på bakgrunn av erfaringane av det som ikkje er følgt opp i forhold til pålegga i skjønnet i 1976. Vi meiner derfor om myndigheitene og NVE godtar dette forslaget frå Tussa, vil konsekvensen til myndigheitene sin avgjersle vere at vassdraget ikkje vil fungere som lakse og ålelv i framtida. Det er også fare for at elva og vatna vil gro igjen.

Det har vist seg på grunn av det fragmentariske ansvarsystemet i forvaltninga ikkje har fungert etter konsesjonen i 1972 i Nordalselva , og konsekvensen er at viktige pålegg har uteblitt.

Vi føler oss nokså sikker på om det vil skje ved eit nytt konsesjonsvedtak med same opplegget . Vert eit slikt vedtak vedtatt av NVE vert det oppfatta som eit avslag på å berge vassdraget som laks og ål elv! Det er heller ikkje i tråd med vilkåra i Naturmangfoldloven og EUs vanndirektiv. Det er derfor etter vår mening ikkje etter kravet i Naturmangfoldlova § 9 eller retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer. Forvaltningsplanen skal oppdateres uansett hvert sjette år. Nye vilkår som er gitt ved en revisjon skal inkluderes i denne oppdateringen og miljømålene i forvaltningsplanen skal justeres i samsvar med nye vilkår. Det gjeld også i forslaget frå oss om å lage til elva fram til punkt 4, slik vi oppfatter retningslinjene.



Dette kartet viser kor mini malt dette forslaget frå Tussa er, og vi vil ordne elva fram til punkt 4.

Sweco skriv at Norddalselva ikkje er eit Nasjonalt laksevasdrag, noko vi meiner ikkje er grunnlag nok for at Tussa og NVE legg vassdrag 093.3 Z Nordalselva (Vanylven) under radaren i NVE -rapport 49/2013. Vi meiner uansett om ikkje Nordalselva er med i nasjonale laksevasdrag, gjeld likevel kravet i forhold til naturmangfoldloven og EUs vanndirektiv. Sjølv om gjennomgangen også i "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer" er 093.3 Z Nordalselva (Vanylven) utelat, meiner vi grunnlag for tiltak er i hendhold til punkt 8.1 i dokumentet. Vi er derfor fornøgde med at Vanylven kommune har støtta oss, og at NVE har opna revisjon av elva., Konsekvensen av at Tussa og myndigheitene ikkje følgde opp pålagde tiltak etter påvising av prøver etc. tidleg på 80 talet som var pålagt i 1972 – 76 har blitt fatal. Konsekvensen vart at vassdraget blei forureina og øydelagt, Bortfall av yngel utsetting har gjort at reproduksjon av villaks har uteblitt. Vi meiner derfor at tiltaket som Tussa viser til i revisjons-dokumentet får ikkje 093.3 Z Nordalselva (Vanylven) eit revisjonskrav som løyser problemet til fisk og forureining, og er ikkje etter krava i naturmangfoldloven og EUs vanndirektiv.

Viser også til brev frå Vik grunneigarlag(elveigarlag) Dato:29.03.2021 og brevet datert: 17.03.2021

Naturmangfoldloven

Laks og rødlista ål er ein trua art som kjem under naturmangfoldlova, og slik vi tolkar lova har ingen rett til å sjå bort frå tiltak som kan berge vill-laksen og ålen. Det gjeld også i forhold til gjengroinga i elva. Viser derfor til naturmangfoldloven jf. Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer.

§ 5.(forvaltningsmål for arter)

§ 7.(prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12)

§ 9.(føre-var-prinsippet)

§ 16 Det skal også legges vekt på artens betydning for næring eller rekreasjon, høstingstradisjon i vedkommende område og på skade som arten gjør.

Vill-laksen og ål som er på rødlista er ei trua art som kjem under naturmangfoldlova, og myndigheitene er derfor pliktige for å gjere tiltak som kan berge vill-laksen og rødlista ål.

(Vedlegg 14.) Økologiske forhold i vassdrag NVE 2006

Inngrepsfaktorer –vanntemperaturforhold.

I elver som kun påvirkes av en endret vannføring, vil en forvente å få følgende temperaturendringer:

K A P. 3 : V A N N T E M P E R A T U R O G I S F O R H O L D 29

Fig. 3.«Grunnvannsnivået i løsmasser langs elva fluktuerer med vannstanden i elva. Ved høy vannstand strømmer vann inn i avsetningene, og grunnvannspeilet har et fall fra elva innover i løsmassene. Ved lav vannføring i elva skjer det en tilbakestrømning, og grunnvannspeilet faller da fra løsmassene mot elva (fra Bryn et al. 1986). Fjell Morene Sand og grus

1. Redusert vannføring gir raskere og større døgnvariasjoner, raskere temperaturstigning om våren og tilsvarende raskere avkjøling utover høsten.»

(Vedlegg 15) Overvåking vassdrag i Møre og Romsdal. Undersøkelser i 1992 og 1993.

Kommentar: «Lokaliteten var preget av moser. Forøvrig hadde noe forurensingstolerante alger stor forekomst. Ingen forurensningsømfintlige organismer hadde stor forekomst. Prøven hadde et visst innhold av partikkelspisere og andre nedbrytere. Dette tilseier moderat (til markert) forurensingsbelastning. Spesielt for lokaliteten var et meget rikt samfunn av tildels ukjentlågrrønnalge.»

Ved stor tilførsel av næringsstoffer vil det bli kraftig oppblomstring av alger, i enkelte tilfeller giftproduserende alger. Dette kan gjøre vannet giftig for fisk og andre dyr som lever i eller drikker vannet. Forråtnelsen av store mengder alger som dør og synker til bunnen vil kunne føre til at bunnvannet i grunne dammer, tjern og innsjøer blir oksygenfritt om vinteren .

Blågrønnalger (cyanobakterier) og Kiselalger. (Vedlegg 15) side 86.

Toksisitet: Oppvekst forekommer ved vanntemperatur >15°C og mye sollys. Inkluderer forskjellige alger med produksjon av nevrotoksiner eller hepatotoksiner. Prøver viser til dels store

mengder med blågrønne alger den 25.08.93 i Niva. Dette viser tydelig at temperaturen i elva blir for høy ved lite vatn om sommeren, og at elva kan botnfryse og lakseegga og yngel vert då øydelagt om vinteren.

Vi meiner derfor at med det grunnlag og bevis som ligg føre i forhold til forureining i Nordalselva og vatna (tjerna) på Nordalsfjellet må NVE pålegge tiltak iht. vannforskriften i revisjonen. Vi har tatt kontakt med Vanylven kommune (ansvarleg myndigheit på kloakk) om kva dei meiner i forhold til Sweco skriv at kloakk rør vil dempe problemet. Vanylven kommune ser ikkje føre seg ei slik gjennomføring i forhold til både kostnad og resultat. Vi meiner Tussa hadde informasjon og burde følgt opp tiltaket som konsesjon påla dei, då dei fekk **dokumentasjon i hht. Biologiske undersøkelser i Stårheimselva og Nordalselva 1982. 10.10.1983.**(Vedlegg 13) Dette i forhold til at dersom det var vannprøve som dokumenterte slik tilstand etter 5 år, og Tussa hadde pålegg etter konsesjonen i 1972 å utføre og ta kostnadene med kloakk frå Landsverk.

Det bør derfor gjennomføre minstevassføring/periodevassføring både i forhold til å få *yngel å vokse opp, og at laks og gjengroing vil fungere i forhold til krava etter EUs vanddirektiv og norsk lov.* Vi meiner også ihht. konsesjonen som Tussa fekk i 1972 vert det feil å pålegge kommune og jordbruket som ansvarlige med eventuelle kostnaden og tiltak for gjengroing. Som NVE også ser i fagdokumentet til skjønnet i 1976, var det ingen problem med verken elva eller tjerna på Nordalsfjellet, og vannmengden fungerte som resipient før reguleringa. Vi meiner derfor at NVE bør innføre minstevassføring eller sleppe vatn i perioder uten nedbør i kravet til ny konsesjon. Det for at økt vann med lite nedbør i Nordalselva og tjerna på Nordalsfjellet skal fungere som resipient og bidra til at gjengroing ikkje skjer. Det vil også fungere mykje betre i forhold til at gytehabiliterer ikkje vert øydelagt, og at vanntemperaturen sommar og vinter er slik at egg og yngel ikkje dør.

Gyتهabiliterer har blitt øydelagt av groing og erosjon på grunn av mindre vatn. Suksesjon – gjengroing av tjern, og elv.

(Vedlegg 8) side 40 1559/2019 Utredningsmetoder og tiltak for bedring .

«En av de vanligste miljøeffektene som følge av redusert vannføring er redusert vanddekket areal, som igjen gir tap av habitatareal for fisk, bunndyr og andre akvatiske organismer. *Dessuten kan habitattyper og habitatkvalitet endres som følge av manglende flommer, for eksempel begroing a vannplanter og påvekst alger, sedimentering av finmasser eller mangel på gytegrus.* Siden endringene kan ramme både habitatareal og -kvalitet er potensialet for biologiske effekter stort og kan ramme alle akvatiske organismer.

Hoveddrivere for vannføringsendringer i Norge er vannkraft, i mindre grad også annen vannbruk som drikkevannsforsyning. »

«Aktuelle utrednings- og klassifiseringsmetoder er vist i Harby et al. 2018 og veileder 2/2018 (s. 95) som baserer vurderingen på forenklete og generelle endringer i vannføringen. For å kunne identifisere vassdragsspesifikke effekter, flaskehalsar og tiltak kreves mer detaljerte undersøkelser. Endringer i vanddekt areal og endringer i habitatforhold i forhold til vannføring kan måles med lokal kartlegging (se Pulg et al. 2019 og veileder 2/2018 s. 89). Endringer i sedimentforhold og konnektivet kartlegges som beskrevet i denne veilederen (kap. 3.1.5 og 3.1.3). Det er også aktuelt å kartlegge om eggoverlevelse endres som følge av tørrlegging av gytegroper (Barlaup et al. 2008, Skoglund et al. 2019). For å finne referansetilstand anbefales å sammenligne med historiske data og flyfoto (se Pulg et al. 2018).

Aktuelle tiltak inkluderer å slippe vann i form av innføring av en naturtypisk vannføring eller minstevannføring, samt habitattiltak. Vannføringsregimet bør tilbakeføres til det naturlige dersom bruken av vannet opphører. Andre metoder er nødvendig for å sikre vanddekt areal og hydromorfologiske miljøbetingelser i vassdraget der vannbruken fortsetter. *Det har blitt utviklet en rekke metoder for å evaluere hvor mye vann som er «nødvendig».*

Elvelevende ferskvannsorganismer har gjennom tidens løp utviklet ulike strategier for å tilpasse seg til varierende vannføringsforhold. Mange av de naturlige økologiske prosessene i vassdrag er avhengige av at det forekommer sesongmessig variasjon i vannføringen. Dette omtales gjerne som

det naturlige vannføringsparadigmet (Poff et al. 1997).

